



Radøy kommune  
v/ rådmann Jarle Landås  
Radøyvegen 1690  
5936 Mange

**Vedr. tomtekjøp til NGIR sin gjenvinningsstasjon på Manger**

Viser til formannskapssak 044/15 og vedtak i same.

NGIR er nøgd med at det er mogeleg å få kjøpa tilleggsareal til stasjonen på Manger, men vil og gjera merksam på at pris etter takst i dette tilfellet vart svært høg. Då NGIR vende seg til Radøy kommune for å undersøka om tomtekjøp var mogeleg, vart det samstundes nemnt fleire forhold som NGIR og kommunen burde rydda i. Dette gjeld m.a. at NGIR ikkje har skøyte på eksisterande eigedom og at ein i dag sannsynlegvis nyttar eit større område enn det som opphavleg vart kjøpt. Ein vil understreka at dette ikkje er oppfatta som spesielt problematiske ting, men forhold som er naturleg å rydda i samstundes som ein vert einig om kjøp. NGIR ynskjer eit møte med Radøy kommune der storleik og pris på ynskt tomt, tidlegare grunnerverv og vegutløsing vert diskutert.

NGIR ber om at rådmannen finn relevante personar i sin administrasjon til å møta oss for å komma vidare med saka.

Det er ynskjeleg at Radøy kommune tek kontakt med NGIR ved underteikna for å avtala møtetidspunkt. Det vil vera naturleg med ei synfaring på stasjonen i same høve.

Kjekkdalen 22.02.16

For NGIR

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Rune Ones".

Rune Ones  
-seniorrådgjevar-  
[ones@ngir.no](mailto:ones@ngir.no)  
mob 41519162